



Viser til avsnitt og vilkår om estetikk i vedtak om dispensasjon:

*Særskilt om estetikk:*

*Dersom det blir gitt dispensasjon i saka vil oppføring av nytt våningshus vere søknadspliktig etter pbl kap 20. Gjennom denne behandlinga vil estetiske omsyn bli vurdert. Alle byggetiltak skal etter pbl § 29-2 utformast slik at det «...etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg sjølv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering». Rådmannen er i tvil om bustaden som er illustrert gjennom teikningane i saka i tilstrekkeleg grad er tilpassa byggeskikk og kulturmiljø på staden. Tiltakshavar blir oppmoda om å vurdere val av bustadutforming på nytt, slik at ein ikkje risikerer avslag på ei etterfølgjande byggesøknad med heimel i pbl § 29-2.*

Teikningane som vart sendt inn ved søknad om dispensasjon var ikkje ferdige og var enkle skisser av huset me ønskjer oss. Viser til nye og ferdige teikningar av huset som me søker om. Tankar og val som me har gjort oss om huset er følgjande:

- Me ønskjer å bygge eit arealeffektivt og funksjonelt hus på eitt plan med livsløpsstandard.
- Me har funne det vanskeleg å finne ein eintydig byggeskikk på Husebø. Det er oppført ulike typar hus på staden. Både med saltak, valma tak, valma tak med ark og saltak med tilbygg av pulttak.
- I og med at me ønskjer hus på eitt plan er hus med valma tak eit alternativ. Men slik som me ser vil eit hus med valma tak bryte meir med dei andre husa som ligg omkring tomten enn eit hus med pulttak. I tillegg vil eit valma tak ruve meir i terrenget.
- Pulttak er nytta på eksisterande hus på Husebø, men då som tilbygg til eldre gardshus. Slik som me ser det vil utforminga på dette huset være i tråd med byggeskikk på staden, men med eit moderne uttrykk.
- Me ønskjer ikkje at huset skal vera ruvande i terrenget. Ved å følgje den gamle byggeskikken på staden var gardshus/vestlandshus med to etasjar eit alternativ. Me har funne ut at eit slikt hus med høgare mønehøgde vil verta for ruvande på denne tomten.
- Huset vil ligge bak ein skjering som skjermar for hus og hage. På tomt er det planlagt trær og busker som vil skjule huset frå veg.
- Huset er enkelt utforma og vil vera enkelt å vedlikehalde. Huset er etter vårt syn valt med tanke både på byggeskikk og kulturmiljø på staden, økonomi og på den flotte utsikten mot Mangersfjorden.
- Ved å plassere fronten mot Mangersfjorden vil ikkje glasa i front verta synleg frå veg. På denne sida er det ikkje busetnad. Inngangsparti som vert synleg frå veg vil slik som me ser det være i tråd med byggeskikk på staden.
- Kledning på huset er valt i fargen leirgrå.
- Fargevalet på huset er gjort for at huset ikkje skal virke dominerande, og at det vil gli mest mogleg inn i dei naturlege omgjevnadane. Tanken er å restaurere løe med



eigenprodusert kledning av gran/furu. Denne vil med tida få omtrent same farge som huset.

- Farge på tak er valt i farge mørk grå/koksgrå. Dette er same farge som anna busetnad på Husebø. Me ønskjer og å nytte same farge og materiale når me restaurerer løe. Ved å nytte same farge på hus og løe vil me få ein heilheit på tunet vårt.
- Det er oppført hus i nærmiljøet, blant anna eit i Rosslandsvågen, som har eit liknande uttrykk. Etter vårt syn er ikkje dette skjemmande.

Me opplever at me har utforma eit hus etter våre ønskjer på eitt plan, som har eit moderne snitt, men som likevel tek vare på tradisjonell utforming. Me ønskjer å invitere på synfaring på tomta vår før de tek ei avgjersle på byggesøknaden vår.

Håpar på positivt svar

Husebø 23.05.2018

Med venleg helsing

Gunnar og Monica Husebø